Handlingsplan kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal





Berekraftsmåla 11, 12,13 og 17 er alle svært viktige for å oppnå måla i kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal, der berekraftsmål 14 og 15 er direkte knytt til planen.

Hovudmålsettinga for planen kjem frå kommuneplanen:

Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og komande generasjonar.

Planen har fylgjande spesifikke delmål med tilhøyrande handlingsdel:

Delmål 1:

Ta vare på naturmangfaldet, samt stanse og reversere tap av artar og naturtypar i kommunen.

	Namn på tiltak	**Skildring av tiltak**	**Finansiering**	**Tidsplan**	**Ansvarleg for gjennomføring**	**Kopling til føresegner og/eller retningslinjer**
1	Lukka bekkar og elvar skal opnast att så langt det er praktisk mogleg og føremålstenleg.	Kommunen skal i lag med vassområdekoordinator jobbe aktivt for å restaurere/utbetre påverka vassdrag og oppattrette god økologisk tilstand.	Ekstern finansiering gjennom søknad.	Pågåande	Landbruks-/miljørådgjevar Vassområdekoordinator	Retningslinjer §4.3
2	Restaurere og/eller gjere habitatforbetrande tiltak i vassdrag og kantsoner i prioriterte vassførekomstar.	Habitatforbetrande tiltak og arbeidet med å betre miljøtilstanden for fisk og andre akvatiske organismar bør halde fram i samarbeid med vassområdekoordinator, grunneigarar og jakt- og fiskelag. Dei prioriterte vassførekomstane frå 2028 er Skjoldafjorden, Vatsvassdraget (med Åmselva), Vikedalsvassdraget, Ølensfjorden og Anndalsbekken.	Ekstern finansiering gjennom søknad.	Pågåande	Landbruks-/miljørådgjevar, Vassområdekoordinator.	Retningslinjer §4.3
3	Iverksette tiltak som ligg inne i vannett i dei prioriterte vassførekomstane	Arbeide for å redusere forureining og næringsavrenning til vassdrag og sjø gjennom systematisk arbeid opp mot landbruk, avløp	Eigne driftsmidlar	Pågåande	Landbruks/-miljørådgjevar Vassområdekoordinator Ansvarleg for avløp og spreidd avløp.	

		(kommunalt og privat) og industri. Administrasjon og politikk må prioritere vassforskriftsarbeidet.				
4	Ivareta verdifulle kulturlandskap	Arbeide for å ivareta verdifullt kulturlandskap gjennom kartlegging og førebygging av gjengroing og overgjødsling av desse areala. Dette kan bli oppnådd gjennom informasjon om tilskotsordningar til grunneigarar med aktuelle areal og leggje til rette for skjøtsel av verdifulle areal.	Natursats, tilskotsmidlar i landbruket (RMP og SMIL), eigen drift (informasjon og administrasjon)	Pågåande	Landbruks/-miljørådgjevar Landbruksrådgjevarar Grunneigarar	
5	Interkommunalt prosjekt for å betre tilstanden i Skjoldafjorden.	Fokusere på å vidareføre samarbeid mellom Vindafjord og Tysvær. 2027 brukast på å sy saman prosjekt og få med aktuelle aktørar, lage prosjektbeskriving, -plan, og søkje midlar med mål om oppstart i 2028.	Eigne driftsmidlar Regionale tilskot Natursats	2028-2038	Miljørådgjevar Eining areal og forvaltning Eining kommunaltekniske tenester Kommunalsjef Vassområdekoordinator Statsforvaltar Fylkeskommune	
6	Restaurere viktige semi-naturlege naturtypar	Kommunen har fleire område med semi-naturlege naturtypar som er avhengig av skjøtsel. Ved opphøyrande bruk/skjøtsel vil desse naturtypane gro igjen, og naturverdiane vil forsvinne. Kommunen bør jobbe opp mot frivillige og grunneigarar for å få på plass restaureringsprosjekt av potensielle areal som har fått kartlagt viktige semi-naturlege naturtypar.	Eigne driftsmidlar SMIL-tilskot Natursats	2028-	Miljørådgjevar Landbruksrådgjevar	
7	Tilrettelegge for suksessfull hekking av sjøfugl ved Ølen sentrum	Tilrettelegge for suksessfull hekking for sjøfugl som måsearter og terner ved Ølen sentrum, og jobbe for å redusere konflikt med innbyggarar og næringsliv. Det skal bli lagt til rette for hekking på stadar der det ikkje er sjenerande eller til skade for folk og bygningar, i tillegg til fokus på formidling mot innbyggjarane om kvifor det er viktig å ta vare på hekkande sjøfugl.	Eigne driftsmidlar Natursats?	2028-	Viltansvarleg Miljørådgjevar Kommunal drift	
8	Revidere blågrøn struktur (§11-7 nr 3, 2.2.2)	Breidda på kantsona skal fastsettast ut frå vegetasjon, landskap og infrastruktur/bygningar, men skal vere brei nok til å sikre dei økologiske funksjonane i kantsona Det skal leggast omssynssone blågrønn struktur langs alle vassdrag i pressområde.	Eigne driftsmidlar	Skal vere gjort samtidig med neste revisjon av KPA		Retningslinje §4.3

	Ikkje prioritert liste: Fjerning av innspreia og uønskt treslag i naturtypar og verneområde Opprette hummarreservat

Delmål 2:

Ta vare på karbonrike areal og styrke naturen si evne til å motverke og takle klimaendringane.

	Namn på tiltak	**Skildring av tiltak**	**Finansiering**	**Tidsplan**	**Ansvarleg for gjennomføring**	**Kopling til føresegner og/eller retningslinjer**
1	Restaurere prioriterte låglandsmyrareal	På myrareal med størst restaureringspotensiale bør ein gå i gong med restaureringsprosjekt. Mortveittjørnet er vurdert til å ha størst restaureringspotensiale, anslått kostnad ca. 200 000.	Søke om restaureringsmidlar (Natursats) i 2027	2027-	Landbruks/-miljørådgjevar	Retningslinjer §4.2
2	Identifisere og kartlegge viktige karbonrike areal, særleg skog og myr i område planlagt til nedbygging, og lage ei prioritering for restaurering og planvask	Ta i bruk kartanalysane til NIBIO (temakart Rogaland -karbonrike areal) for å velje ut aktuelle område. Skilje mellom eksisterande karbonrike areal, tidlegare karbonrike areal og areal som er sette av til framtidig nedbygging. Lage ein vidare systematisering av ulike økosystem/naturtypar og prioritering av vidare arbeid og planvask.	Eigne midlar, natursats	Pågåande	Landbruks/-miljørådgjevar	Retningslinjer §4.2
3	Ta vare på/verne gjenverande funksjonable låglandsmyrar	Vurdere å få gjenverande låglandsmyrar inn i omsynssone naturmiljø. Identifisere/kartleggje dei myrane som framleis er funksjonable med omsyn til karbonopptak og økosystemfunksjon. Bruke dette som utgangspunkt for framtidig verneprosess.	Eigen drift	2027-	Miljørådgjevar Plan	Føresegner § 3 Retningslinjer §4.2
4	Oppfordre til vern av område med	Oppfordre grunneigarar til frivilleg vern av furublandingsskog med naturskognære eigenskapar.	Frivilleg vern av skog er finansiert av statsbudsjettet			Føresegner §2.4

	naturskogsnær gamal furublandingsskog.					
5	Opprette dialog med statsforvaltaren angåande utviding av Landavatnet naturreservat og dyrelivsfredningsområde	Landavatnet naturreservat omfattar i dag Landavatnet og nordlege delar av Vatsvatnet. Rundt heile Vatsvatnet har ein kartlagt Elveslette til å vere svært viktig (etter DN-13), i tillegg til at det sør i vatnet er ein holme som er eit viktig hekkeområde for truga sjøfugl, som til dømes Fiskemåse. Vatnet er også viktig med tanke på ferskvassorganismar som laksefisk og ål.	Eigne driftsmidlar, jobbe opp mot Statsforvaltar	2027-	Miljørådgjevar Einingsleiar for areal og forvaltning Kommunalsjef Statsforvaltaren Vassområdekoordinator	Meir informasjon om området i kunnskapsgrunnlaget, utvida kartleggingsrapport og artskart.

Delmål 3:

Sikre at naturomsyn blir vurdert i alle relevante plan- og arealsaker

	Namn på tiltak	**Skildring av tiltak**	**Finansiering**	**Tidsplan**	**Ansvarleg for gjennomføring**	**Kopling til føresegner og/eller retningslinjer**
1	Gjennomføre planvask av areal avsette til utbygging	Gå gjennom ubrukte eller eldre utbyggingsområde i kommuneplanen opp mot oppdatert kunnskap om naturmangfald, karbonrike areal og økologiske samanhengar, og vurdere endringar der naturverdiar tilseier det.	380 000 kr (tildelt tilskot gjennom natursatsmidlar for 2026)	2026-2030	Plan	Retningslinjer
2	Etablere faste rutinar for planlegging og saksbehandling for naturmangfald, gjennom styrkja bruk av naturdata og verdikart, og krav om oppdatert naturkartlegging ved nye planar og arealbruksendringar	Utarbeide og ta i bruk faste rutinar og sjekklister for plan-, byggje-, dispensasjons- og landbrukssaker som kan påverke naturmangfald, slik at naturverdiar alltid blir vurderte tidleg og systematisk. Naturbase, Artskart, samla verdikart, naturskogkart, kart over karbonrike areal, viltkart og andre relevante kunnskapskjelder skal bli nytta aktivt og likt i alle relevante saker. Som hovudregel skal ein krevje oppdatert kartlegging av naturverdiar ved nye planar, større byggjesaker og andre arealbruksendringar der eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje er tilstrekkjeleg.	Eigne driftsmidlar	2027-2030	Kart/geodata Miljørådgjevar Plan	Vise til retningslinjer

3	Vurdere meldeplikt for hogst i naturtypar og område med mangelfullt kunnskapsgrunnlag	Greie ut og vurdere ordningar for meldeplikt eller skjerpa oppfølging ved hogst i registrerte naturtypar og i skogområde der kunnskapen om naturverdiar er mangelfull.	Eigne driftsmidlar	2028-	Skogansvarleg	
4	Konsekvens av nedbygging av karbonrike areal for klima og biologisk mangfald skal tydeleg vektast i plan, byggesak og landbruk.	Ta i bruk kartlag med karbonrike areal og klimagasskalkulator til NIBIO/Miljødirektoratet ved naturmangfaldsvurderingar etter plan og bygningslova i planvask/nye planar og eller byggesaker. Desse kartressursane bør òg brukast aktiv i andre saker som kan påverke karbonrike areal.			Miljø Plan Byggesak Landbruk	Retningslinjer §5
5	Ta vare på karbonrike skogareal	Skog markert som naturskog i naturskogskartet til Miljødirektoratet skal identifiserast og bli tatt ekstra omsyn til ved sakshandsaming i plan-, bygge- og landbrukssaker.	Eigne driftsmidlar	Pågåande	Plan Miljø Landbruk Byggesak	
6	Heve kompetansen om naturmangfald i plan og forvaltning	Gjennomføre jamleg opplæring for politikarar, leiarar og tilsette innan plan, byggesak, landbruk og drift om naturmangfald, lovverk, kunnskapsgrunnlag og praktisk bruk av naturdata i saksbehandling.			Miljø Plan Byggesak Landbruk	

Delmål 4:

Auke kunnskap og kompetanse, samt skape engasjement for naturmangfald i kommunen

	Namn på tiltak	**Skildring av tiltak**	**Finansiering**	**Tidsplan**	**Ansvarleg for gjennomføring**	**Kopling til føresegner og/eller retningslinjer**
1	Etablere «skulehage» i Sandeid med fokus på formidling av innhald i kommunedelplan for naturmangfald	Det er innvilga tilskot til etablering av skulehage og pollinatorvenleg grøntareal i Sandeid, tillegg til informasjonsskilt som informerer om naturmangfald og karbonrike areal og planarbeid knytt til dette.	Eigen drift, Natursatsmidlar	2026-2030	Einingsleiar for areal og forvaltning, Miljørådgjevar	

2	Informere barn og unge om komunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal	Utvikle undervisningsmateriell om kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal. Hovudvekt på kva naturmangfald som finst i Vindafjord, kva trugslar som finst og kva som kan bli gjort for å ta vare på naturmangfaldet.	Eigen drift i lag med skule/oppvekst+, Natursats	2027-203	Einingsleiar areal og forvaltning, Miljørådgjevar	
3	Kompetanseheving av kommuneadministrasjon og politikarar	Kurse og informere kommuneadministrasjon og politikarar som behandlar sakar som omhandlar og/eller påverkar naturmangfald om lovverk, planar og retningslinjer knytt til naturmangfald.	Eigen drift	Pågåande	MIljørådgjevar	
4	Systematisk kartlegging og overvaking av naturverdiar i kommunen	Kommunen skal bruke kunnskapsgrunnlaget og supplerande kartleggingsrapport frå 2025 som utgangspunkt for vidare kartlegging av naturverdiar i kommunen. Dette inneber: • Å vere pådrivar for marine kartleggingar, både marine naturtypar, naturmangfald og miljøtilstand i marine vassførekomstar. • Heilskapleg kartlegging av Kyrkjehølen i Vikedal, med fokus på naturverdiar som finst, og potensiale for restaurering og/eller miljøforbetrande tiltak. • Vidareføring av regnskogkartlegginga som blei starta opp i 2025, med særleg fokus på truga lav, her under ansvarsarten gul buktkrinslav. • Kartlegging av amfibium. • Reetablering av rovfuglprosjektet med overvaking og merking av rovfugl.	Natursats Regionale tilskot Midlar frå vilt- og fiskeutvalet	2027-	Miljørådgivar, Vassområdekoordinator Viltansvarleg	
5	Kartlegging av potensiale for vern	Nasjonalt er det eit mål om 30% vern av naturareal. Per 2026 er 8,3% av kommunen sitt areal verna. Kartlegging skal identifisere aktuelle område for vern, også område som er under press. Verna natur skal reflektere naturmangfaldet i kommunen, inkludert marint, og vere med på ivareta truga naturtypar og artar.	Eigne driftsmidlar Regionale tilskot Natursats	2027- 2031	Miljørådgjevar Einingsleiar areal og forvalting	

6	Informasjon om framandartar	Aktivt jobbe med å dele informasjon om kjente framandartar i kommunen, kva skadepotensiale dei har og kva ein kan gjere for å nedkjempe dei. Oppfordre befolkning til å registrere funn av framandartar i artsobservasjoner.no eller melde inn til kommunen. Døme på artar kan vere kjempespringfrø, parkslirekne, stillehavsøsters, hageplantar med stort invasjonspotensiale. Knytte informasjonsarbeidet opp mot sommarstilling som kan arbeide med svartelista artar på kommunale areal.	Natursats Eigen drift Regionale tilskot	2027-	Miljørådgjevar	
7	Spreie informasjon om korleis ein kan ta vare på bakkehekkande fuglar i kulturlandskapet	Vindafjord har fleire artar med bakkehekkande fuglar knytt til jordbrukslandskap, bl.a. Vipe, Åkerrikse (*Crex crex*) og storspove. Det er viktig å spreie informasjon om korleis ein kan ta vare på desse i landbruksdrifta, og kanskje spesielt auke fokuset på åkerriksa som får lite merksemd men er kritisk truga. Informasjonskanalar kan vere Vindafjordbruket, bondelagsmøte og kommunikasjonskanalar til kommunen. Det går an å få SMIL- og RMP-tilskot for å gjere tiltak for å ta vare på bakkehekkande fugl. Jeger- og fiskelag og Birdlife kan også inkluderast i eventuelle prosjekt knytt til dette.	Eigen drift SMIL-tilskot RMP-tilskot	Pågåande	Landbruk Miljørådgjevar	
8	Auke kunnskap om lysforureining	Delta på kompetansehevande kurs om lysforureining. Spreie informasjon om lysforureining til innbyggjarar.		2027-	Eining areal og forvalting	

Delmål 5:

Styrkje kompetansen på naturvenleg drift og forvalte og drifta kommunale grøntareal slik at naturmangfald og karbonrike areal blir tekne vare på

	Namn på tiltak	Skildring av tiltak	Finansiering	Tidsplan	Ansvarleg for gjennomføring	Kopling til føresegner og/eller retningslinjer
1	Kompetanseheving naturvenlege skjøtselsmetodar	Kompetanseheving av dei som driftar kommunale område. Dette gjeld t.d. opplæring i framande artar og naturvenlege skjøtselsmetodar.	Eigen drift	2027-	Kommunalteknisk	
2	Kommunale grøntareal	Ved planting av nye plantar på kommunale grøntareal skal desse vere stadbunde artar (ikkje framandartar), og desse skal vere insektsvenlege. Kommunen bør la daude tre og ved få stå/liggje igjen på kommunale areal. Kommunen bør også fjerne kratt og oppslag rundt store og gamle tre. Grasplenar som ikkje blir brukt bør bli vurdert til å gjerast om til blomeenger, og buskas, kratt og rusk på ikkje-sjenerande område bør få bli igjen for piggsvin og andre artar som treng område for å gå i hi.	Natursats, eigne driftsmidlar	2028-	Kommunalteknisk Miljørådgivar	
3	Pollinatorvenleg kantslått	Langs kommunale vegar skal kantslåtten, som hovudregel, bli utført på seinsommar/haust når blomar har blomstra ferdig. Buskar som ikkje er til hinder for sikt og tryggleik bør ein prøve å ta vare på.	Eigne driftsmidlar	2028-	Kommunalteknisk	
4	Fjerning av framande artar i kommunale grøntareal	Systematisk kartlegging av framandartar på kommunale areal som skal resultere i handlingsplan for fjerning av framandartar på kommunale areal. Systematisk arbeid etter handlingsplan med eigne sommartilsette som jobbar med naturmangfald på kommunale areal.	Natursats, eigne driftsmidlar	2029-	Miljørådgjevar Ansvarleg for kommunal drift av grøntareal	